

Kontrollutvalet handsam Salar-underskrift

MELAND: Ei kommunal underskrift i Salar-saka kjem likevel opp i kontrollutvalet.

Dagrun Stokke
dagrun@nordhordland.no



Midtre Holsnøy Grunneigarlag vart avviste, då dei bad kontrollutvalet i Meland om å sjekka omstenda rundt dåverande fagsjef Jens Bjordal å si underskrift i Salar-saka. No lovar utvalsleiar Magne Rifsgård at saka likevel skal opp.

I januar i år skreiv Bjordal under for Meland kommune på ei grunneigarerklæring. Underskrifta stadfesta at Meland kommunen godkjende arbeidet som er gjort med det omstridde Salar-røyret.

Problemet er at ikkje alle mei-

ner at arbeidet med røyret er gjort slik det låg i føresetnaden. Mellom anna har politikarane, med ordføraren Nils Marton Aadland i spissen, stadfesta at så ikkje er tilfellet.

Reagerer på at kommunen kan ha to syn

Midtre Holsnøy Grunneigarlag reagerer på at administrasjonen har eit syn og handlar ut i frå det, medan politikarane har eit anna. Bjordal var fagsjef i avdelinga for natur, teknikk og miljø i Meland kommune, då kommunen la føringar for korleis røyret skulle leggjast. Han har i ettertid gått over i anna stilling.

Då Nh i august presenterte problemstillinga for Helge Thorsen, rådmannen i Meland, fekk vi til svar at kommunen kan ha eit syn som grunneigar, medan politikarane kan ha eit anna. Han kunne ikkje sjå at det var feil av

Bjordal å skriva under, trass i dette var i strid med kommunestyrevedtaket og klagesak mot NVE.

- Mistyding

Grunneigarlaget finn det vanskelig å sjå at ein kommune kan meina to forskjellige ting, og bad om at saka vart prøva i kontrollutvalet. Laget er mellom anna interessert i om fagsjefen hadde fullmakt til å skriva under. Kontrollutvalet avviste først saka, men etter påtrykk frå grunneigarlaget lovar Rifsgård at saka likevel kjem opp på neste møte, 11. desember.

- Mistydingar gjorde at vi trudde dette handla om ankesaka, forklarar Rifsgård til Nh, når vi spør kvifor saka først vart avvist. Men etter ein ny gjennomgang av innhaldet i saksmateriellet, lovar han at saka likevel vert teken opp på det neste møtet.